



## Båtdåp Hjeltekongen

I samband med regattaavvikling har Ran i fleire år vore avhengige av at medlemmer har stilt med eigen båt. På årsmøtet 16. februar 2011 vart det gjort vedtak om at klubben kan gå til innkjøp av egen arrangørbåt. Vedtaket vart stadfesta på nytt av årsmøtet i 2012.

Våren 2012 vart brukt til å sikta inn aktuelle kjøpsobjekt og valet fall til slutt på ein Tresfjord 29 Nordic 1989-modell som kunne kjøpast på gode villkår via NB Marine. Før levering vart det installert ny baugpropell, hydraulisk spel, nytt toalett og flaggstativ i båten. I mai i 2012 kom båten til Anglevik for fyrste gong. Diverre gjekk det ikkje så lang tid før det skjedde motorhavari på båten, noko som gjorde at det måtte installerast ny motor. I desember vart båten slept til Herdla og ny motor kom på plass slik at båten kunne hentast i februar.

Sjølve båtkjøpet hadde ikkje vore mogleg å gjennomføra utan støtte fra Norges Seilforbund som har ytt 215 000 kroner. Ran Seilforening er sjølv sagt takksam for at seilforbundet ser det store arbeidet klubben har lagt ned i både anleggutvikling, barne- og ungdomsarbeid og for vaksne seglarar. Båten vil vera eit godt verktøy for å vidareutvikla dette arbeidet. Håpet er difor at Ran no har fått ein båt som i lang tid framover kan utføra mange typar oppgåver for klubben: start-, bøye- og sikringsbåt under regattaer, slepebåt, arbeidsbåt, representasjonsbåt og base for presse/media.

### Litt teknisk info om båten:

Motoren er ein Yanmar 4JH3 120 hk med sluregear som står på nytt motorfundament, har nytt eksosanlegg og nye el-panel, slik at det no er alarmfunksjonar både inne og ute. Toppfarten er på vel 17 knop. Av øvrig utstyr kan nemnast følgjande:

Baugpropell (ny) med inne/ute-styring  
ET-kraftblokk (ny)  
Flaggstativ (nytt)  
Toalett (nytt)  
Varmeapparat  
Ekkolodd  
Kartplottar  
Kartplottar PC  
VHF  
Radar  
Radio/cd-spelar  
Kalesje (ny)

Båten er no bunnsmurd og utstyrt og klargjort for bruk under Hjeltefjordtrimmen, Pinseleiren og Sumarregattaen. Det er utarbeidd prosedyrar for bruk og vedlikehald på båten. Det er laga ein komite som har ansvaret for drift og vedlikehald av båten med Leif Jørgen Ulvatne, Thor Olsen, Hans Jakob Svendsen og Jan Erik Iversen.

Så over til sjølve namnet:

Eksisterer det nokre namnetradisjonar hjå dei andre seglforeiningane i Hordaland på deira båtar?

- Bergens Seilforening: *Blia*
- Hjellestad Seilforening: *Spikaren*
- Milde Båttag: *Mildevågen*

Alle desse tre namna er lokalgeografiske + at *Blia* òg rommar krigshistorikk i form av Englandsfartens største forlis under andre verdskrigen.

For å finna namn til Tresfjorden gjer me difor eit dykk i Ran sitt rikhaldige songarkiv og finn fram siste verset i Alfred Bastiansens hymne som vart skiven til laget sitt 25 årsjubileum i 1919.

*Hav og fjord med lyse minder:*

*Sommernatten mild og klar  
Fra dine tanker aldrig rinder  
Hvad magt som ut og hjem dig bar  
Men det kan ogsaa storme, tute  
Da er Hjeltekongen ute*

Dette namnet har òg ei viss fartstid i klubben. Den førebels siste innregistrerte Oselvaren i Ran har nemleg dette namnet og omgrepet finst òg i fleire andre eldre Ran-songar. Vidare kan det nemnast at Hjeltekongen har vore ein slags mytisk figur som dei tidlege Ran-gutar ofte referer til i skildringar frå turar til Ranheim: Når Hjeltekongen uler ute, er det godt å få vern av Ranheim.

Tekst av Kjell Magnus Økland

Gudmor: Emilie Vabø

Jeg døper deg til *Hjeltekongen*, må hell og lykke følge deg på alle fjorder og sund omkring i Hordaland og omkringliggende herligheter!

## Til Baatlaget "Ran"s 25-aars jubilæum 13 mars 1919

Naar i solnedgang du seiler ud  
Og om Hjelteskjæret vender  
Fjorden klædt som gylden brud  
Det er som himlen og havet brænder

Fra salte Nordsjø bryter ind  
En fjord mot veirbitd strand  
Det er Hjeltefjorden med havfrisk vind  
Og skumsprøit mot skjær og land

Har du seilet Hjeltefjorden med Ranegutter  
Naar skummet sprøiter om færingen  
Frisk i mot, og av sundhet strutter  
Naar stolt de rider på æsing'en

Til hytten der ute skal vi frem  
Vi gaar etter igjen over stag  
Ranheim, du vort frihetshjem  
For dig gjør vi mange slag

Over fjorden skumsprøit kløve  
Høit paa bølgen, let av sted  
Fædres idræt op at øve  
Det er sport at kjendes ved

Tryg i havnen til vor hytte  
Som ligger lunt ved fjordens arm  
Naar fjorden ryker, du os beskytter  
Fjernt fra byens støv og larm

Femogtyve aar er svundet  
For de gamle Ranegutter  
Høit er løftet, stort er vundet  
Ædel seilsport livsfrisk strutter

Hold skjoldet blankt I fjordens sønner:  
Lat ranke færings hvite seil  
Smykke fjorden saalænge havet dønner  
Og gjenglans kastes paa fjordens speil

Hav og fjord med lyse minder:  
Sommernatten mild og klar  
Fra dine tanker aldrig rinder  
Hvad magt som ut og hjem dig bar  
Men det kan ogsaa storme, tute  
Da er Hjeltekongen ute

Tekst: Alfred Bastiansen